Saksframlegg til årsmøtet Kinn UDF 4.april 2024.

Vi har kome fram til følgande ***utdjupa*** saksframlegg, etter tilbakemelding frå lokallagsstyret si førebelse drøfting av innmelde årsmøtesaker. For å få fram litt tydelegare kva pensjonistrådet og lokallaget tenkjer om vår "status" i organisasjonen, vil vi gjerne ha dette vedteke på årsmøtet. Håper det vert støtte til dette frå lokallagsleiinga, og vi vil gjerne ta ordet for å grunngje saka imøtet.

Saksframlegg til årsmøtet Kinn UDF 4.april 2024.

Bakgrunn for saka:
Lokallaget har i 2023 vedteke å opprette pensjonistråd for dei omlag 240 pensjonistmedlemene i Kinn. Rådet vil her legge fram nokre synspunkt på korleis vi meiner dette arbeidet kan følgast opp. Det er viktig å ivareta denne medlemsgruppa sine interesser og målet blei oppsummert slik på informasjonsmøte i Florø haust 2023: "*Vi ser føre oss at det kan både handle om å ivareta interessa for profesjonsfelleskap, pedagogikk/utdanningspolitikk, og samstundes skape sosialt fellesskap mellom medlemmene*". På landsbasis utgjer denne medlemsgruppa ein betydeleg ressurs, og det har vore debatt om vedtektene reflekterer representativitet og demokrati ift medlemstal. Framlegg til LM 2023 om meir direkte demokratisk representasjon ser ut til å ha falle. Fleire spør seg no om UDF verkeleg ynskjer pensjonistar som medlemer? Jfr "Utdanning" feb 2024. Spørsmålet vert her også knytta til kontingentauke, vedteke på same LM. Kva har vi igjen? Vi ynskjer difor at lokallaget vårt gjer eit vedtak om å løfte innsatsen for pensjonistmedlemene slik at engasjementet og oppslutninga om organisasjonen vil vare, også etter avslutta yrkeskarriere. Ein nøkkelfaktor ser ut til å vere betring av kommunikasjon mellom medlemer og organisasjonsledd, betre representasjon og føreseielege økonomiske rammer for aktiviteten. Jfr også vedtektene som tilseier at alle medlemer er valgbare til verv som organisasjonsrepresentantar. Pensjonistar ikkje til arbeidsplassverv, sjølvsagt.

Framlegg til vedtak:
Kinn lokallag UDF ser på verdien av pensjonistmedlemene som ein aktiv ressurs ein vil støtte opp om, og går difor inn for følgande tiltak:
1. Det vert sett av eige budsjettpost til disposisjon for pensjonistrådet. Kronesum pr medlem ***minst*** tilsvarande tilskot til arbeidsplassar.

2. Det vert oppretta ei meldingsordning for nyhende innan pensjonsvilkår, innkalling til møte mm. Lokallaget vil gjere dette i samarbeid med rådsstyret. Lokallaget står som administrator.

3. Pensjonistmedlemene skal ha representasjon/uttalerett i aktuelle, lokale råd, utval og høyringar der medlemsinteresser og kompetanse tilseier at det er relevant for laget. Gjeld også interne organisasjonssaker.

4. Kinn lokallag skal arbeide for at pensjonistmedlemene kan delta på årsmøta i fylkeslaget, som valgte delegatar eller ved andre talspersonar/delegatar med fokus på medlemsgruppa vår.

Framlegget er innmeldt frå styret i pensjonistrådet Kinn UDF

Reidar Knapstad, Grethe Stavø, Ingunn Frøyen, Ann-Mari Ringdal, Geir Knapstad

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. I følgje retningslinene til Utdanningsforbundet, kan det ikkje lagast ein eign budsjettpost for pensjonistane.

   Styret har budsjettert med kr 80 pr medlem til medlemspleie.

2. Utdanningsforbundet Kinn brukar systema sine for innkallingar og utsending av info og vil gå i dialog med pensjonistrådet for å få dette til.

3. Pensjonistmedlemane skal ha representasjon/uttalerett i aktuelle, lokale råd, utval og høyringar der medlemsinteresser og kompetanse tilseier at det er relevant for laget. Gjeld også interne organisasjonssaker.

4. Kinn lokallag skal arbeide for at pensjonistmedlemene kan delta på årsmøta i fylkeslaget, som valgte delegatar eller ved andre talspersonar/delegatar med fokus på medlemsgruppa vår.